



ULSTEIN KOMMUNE

Sak: FORSKRIFT OM GEBYRREGULATIV OG UTSETT FRIST FOR
OPPMÅLINGSFORRETNING I VINTERPERIODE, IHT. MATRIKKELLOVA

Saksnr *Løpenr.* *Stad* *Dato*
2009/1175 10939/2009 Ulsteinvik 30.11.2009

GEBYRSATSAR ETTER MATRIKKELLOVA

Vedlegg: §5 Gebyrsatsar

Gebyr for arbeid etter matrikkellova (Lova sin § 32, forskrifta § 16 og lokal forskrift om gebyrregulativ) vert fastsett som følgjer:

Kostnadar som kommunen vert påført i samband med å hente inn relevante opplysningar i samband med oppmålingsforretninga og gebyr og avgifter som kommunen skal krevje inn for statlege etatar som til dømes tinglysingsgebyr og dokumentavgift, vert fakturert vidare til rekvirenten og kjem i tillegg til satsane under.

Innholdsliste

Vedlegg: §5 Gebyrsatsar	1
§5.1 Oppretting av matrikkeining	2
§5.1.1 Oppretting av grunneigedom og festegrund	2
§5.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn	2
§5.1.3 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon	2
§5.1.4 Oppretting av anleggseigedom	2
§5.1.5 Registrering av jordsameige	2
§5.1.6 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning	2
§5.1.7 Oppretting av tilleggsareal som eigen matrikkeleining som tillegg til eksisterande grunneigedom eller festegrund.	2
§5.2 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering.....	2
§5.3 Grensejustering.....	3
§5.3.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige	3
§5.3.2 Anleggseigedom	3
§5.4 Arealoverføring	3
§5.4.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige	3
§5.4.2 Anleggseigedom	3
§5.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidligare er koordinatfastsett ved oppmålingsforretning	3
§5.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidligare er koordinatfastsett / eller klarlegging av rettar	4
§5.7. Privat grenseavtale	4
§5.8 Andre oppmålingstekniske arbeid.....	4
§5.9 Endring i grunnlaget for matrikkelføring av saka	4
§5.10 Utferde matrikkelbrev	4
5.11 Betalingsvilkår.	4

§5.1 Oppretting av matrikkeining

§5.1.1 Oppretting av grunneigedom og festegrunn

areal frå 0 – 2000 m ²	kr 12 700.-
areal frå 2001 -20 000m ² – auke pr. påbegynt da.	Kr 500.-
Areal over 20 001m ² etter medgått tid, dog ikkje under sats for 20 000m ²	

§5.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn

areal frå 0 – 2000 m ²	kr 4 000.-
areal frå 2001 -20 000m ² – auke pr. påbegynt da.	Kr 300.-
Areal over 20 001m ² etter medgått tid, dog ikkje under sats for 20 000m ²	

§5.1.3 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon

Gebyr for oppmåling av uteareal på inntil 1 eigarseksjon	kr 8 000.-
Auke i gebyr for oppmåling av uteareal utover 1 eigarseksjon, pr seksjon	kr 2 500.-

§5.1.4 Oppretting av anleggseigedom

volum frå 0 – 2000 m ³	kr 12 700.-
volum frå 2001 m ³ – auke pr. påbegynt 1000m ³ .	kr 500.-

§5.1.5 Registrering av jordsameige

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter medgått tid.	
Minstegebyr er;	kr 4 000,-

Kostnadar som kommunen vert påført i samband med å hente inn relevante opplysningar i samband med oppmålingsforretning, vert fakturert vidare til rekvirenten

§5.1.6 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Satsar etter §§5.1.1, 5.1.2, 5.1.4 og 5.1.5 gjeld, i tillegg kjem eit tilleggsgebyr for oppretting av matrikkeleining før fullført oppmålingsforretning på	kr 3 500,-
--	------------

§5.1.7 Oppretting av tilleggsareal som eigen matrikkeleining som tillegg til eksisterande grunneigedom eller festegrunn.

Maksimalt areal som kan fradelast etter dette punktet er 500 m ² , eit vilkår er at det skal samanføyast med ein grunneigedom etterpå. Gebyr;	kr. 6000.- + 5,00 kr/m ²
--	-------------------------------------

§5.2 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

Gebyr for utført arbeid når saka vert trekt før den er fullført, om den må avvisast, ikkje lar seg matrikkelføre på grunn av endra heimelsforhold eller om saka av andre grunnar ikkje kan fullførast, vert gebyrsatsene sett til 1/3 etter §5.1

§5.3 Grensejustering

§5.3.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5 % av eigedomens areal. (maksimalgrensa er sett til 500 m²). Ein eigedom kan likevel ikkje avgje areal som i sum overstig 20 % av eigedomens areal før justeringa. For grensejustering til veg- eller jernbaneformål kan andre arealklasser gjelde.

areal frå 0 – 250 m ²	kr	4 500.-
areal frå 251 – 500 m ²	kr	6 500.-

§5.3.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5 % av anleggseigedomens volum, men den maksimale grensa er satt til 1000 m³

volum frå 0 – 250 m ³	kr	6 000.-
volum frå 251 – 1000 m ³	kr	7 500.-

§5.4 Arealoverføring

Når det gjeld dokumentutforming og utveksling av pengeytelse mellom partane, kan kommunen etter forskrift til matrikkellova §15, krevje at partane sjølv handterer dette, eventuelt at partane får hjelp av eigedomsmeklar, advokat eller liknande.

§5.4.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneføremål.

areal frå 0 – 2000 m ²	kr	12 700.-
areal frå 2001 - auke pr. påbegynt da.	Kr	500.-

§5.4.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna, - ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan berre overførast til ei matrikkeleining viss vilkåra for samanslåing er til stades. Matrikkeleininga skal utgjere eit samanhengande volum.

areal frå 0 – 2000 m ²	kr	12 700.-
areal frå 2001 - auke pr. påbegynt da.	Kr	500.-

§5.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidligare er koordinatfastsett ved oppmålingsforretning

Ein føreset at det finst målebrev/matrikkelbrev over eigedomen med grenser, som er koordinatbestemte med koordinatkvalitet 14 cm eller betre. Dersom grensa er av dårlegare kvalitet må naboane kallast inn og det skal betalast gebyr etter §5.6

For inntil 2 punkt	kr	1 500.-
For overskytende grensepunkter, pr. punkt	kr	500.-

§5.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidligare er koordinatfastsett / eller klarlegging av rettar

For inntil 2 punkter	kr	5 000.-
For overskytande grensepunkter, pr. punkt	kr	1 000.-

Gebyr for klarlegging av rettar vert fakturert etter medgått tid.

§5.7. Privat grenseavtale

Gebyr vert fastsett etter medgått tid. Minstegebyr	kr	2 000,-
--	----	---------

§5.8 Andre oppmålingstekniske arbeid

Gebyr for oppmålingstekniske arbeid som ikkje vert dekt av dei satsane som nemnde ovanfor, skal utreknast etter brukt tid. Timeprisen vert kr 515.- Ved markarbeid vert det lagt til bruk av oppmålingsutstyr kr 300.- pr time. Meirverdiavgift skal eventuelt leggst til etter gjeldande reglar.

§5.9 Endring i grunnlaget for matrikkelføring av saka

Gjer rekvirenten under saksgangen endringar i grunnlaget for matrikkelføringa av saka, opprettheld ein likevel gebyret.

§5.10 Ufterde matrikkelbrev

Matrikkelbrev inntil 10 sider	kr	175,-
Matrikkelbrev over 10 sider	kr	350,-

Endring i maksimalsatsane vert regulert av Statens kartverk i takt med den årlege kostnadsutviklinga.

5.11 Betalingsvilkår.

Betaling etter vilkår i pkt. 4.1 til 4.7.i forskriftstekst.

Gebyrkravet vert retta mot rekvirent dersom ikkje anna er avtalt.

Gebyr for arbeid etter matrikkellova skal utreknast etter det regulativet som gjeld den dato kommunen mottok ein fullstendig rekvisisjon.

Kostnadar som kommunen vert påført i samband med å hente inn relevante opplysningar i samband med oppmålingsforretninga og gebyr og avgifter som kommunen skal krevje inn for statlege etatar som til dømes tinglysingsgebyr og dokumentavgift, vert fakturert vidare til rekvirenten og kjem i tillegg til satsane over.

Timekostnad i dette regulativ skal dekkje både direkte og indirekte kostnadar. For arbeid utført etter medgått tid vert det nytta timesatsen i pkt. 5.8.

Meirverdiavgift skal ikkje reknast med unnateke for pkt. 5.8, der mva. skal leggst til etter gjeldande reglar.